

Amund med ny personleg rekord på 600 meter.

14.05.2018



Amund Hella Berge-Soldal var på Karabinleikane i helga og sette ny personleg rekord på 600 meter.

Amund Hella Berge-Soldal er ein lovande friidrettsutøvar frå Uskedalen. I helga var han på Fana Stadion på Karabinleikane og sette ny personleg rekord på 600 meter med tida 1,47,95. Han vil gjerne ha fleire frå Uskedalen med på fritidrett. Det er ei stor oppleving å få delta på stemne som går på ein plass med nasjonal status.

Amund Hella Berge-Soldal er med i ski- og fritidrettsgruppa i Uskedalen. Gruppa driv organisert fotball og langrenn. I tillegg til løp hoppa Amund 4,0 meter i lengde og fekk med det ein 3. plass i Fana.

Amund var med på sitt fyrste stemne som friidrettsutøvar i fjor. Det var kjekt. Det er alltid like stort å få koma til Bergen og møta mange kjekke born og ungdomar som driv med same idretten.

Fyrste helga i juni skal Amund vera med på Framoleikane, som også skal arrangerast på Fana Stadion. Han oppmodar fleire frå Uskedalen om å vera med.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Gina Hella Berge-Soldal